



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Sigmund Bødal / 55516146	Vår referanse: 16/97956-2	Dykker referanse: 2013/1601-221	Vår dato: 13.09.2016
------------------------------------	--	------------------------------	------------------------------------	-------------------------

Offentleg ettersyn av reguleringsplan – Plan 213 – Kleppstø sentrum i Askøy kommune. Motsegn.

Vi viser til oversending frå Askøy kommune motteke hos oss 26.06.16, med områdeplan for Kleppstø.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringar i Nasjonal Transportplan (NTP), Statlege planretningsliner for samordna bustad, areal og planlegging av transport, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretaken ved arealplanlegging. Når det gjeld områdeplanen i Kleppstø uttalar vi oss som forvaltar av fylkesvegane på vegne av Hordaland fylkeskommune og som statleg fagstyremakt med sektoransvar innanfor trafikktryggleik og vegtransport. 0 – visjonen om 0 hardt skadde og drepne i trafikken står sentralt i vårt arbeid.

Statens vegvesen vurder at våre interesser ikkje er godt nok ivaretakne i planen slik han no ligg føre i planframleggget. Det skisserte veganleggget er skildra på ein overordna og generell måte slik at vi ikkje kan vurdere framleggget i høve våre vognormalar, og i høve til trafikktryggleik og effektiv ferdsle for alle typar trafikantar.

Områdeplanen er for lite detaljert slik at det ikkje vil la seg gjøre å realisere trafikale tiltak etter denne. Det vil vere trong for meir trafikkareal enn det planen viser for å byggje tiltaka som planen legg til grunn. Det er ikkje lagt til grunn nokon trafikkanalyse som grunngjев og diskuterer dei trafikale vala som er gjort i planen.

Med bakgrunn i vårt sektoransvar som gjeld trafikktryggleik og effektiv ferdsle, samt at ein ikkje kan realisere tiltak etter planen slik han no ligg føre fremjer Statens vegvesen ei generell motsegn til områdeplanen.

Arealpolitiske føringer for planarbeidet.

Nasjonal transportplan 2013–2024

Nasjonal transportplan har eit mål om å forbetra ferdsla for gåande og syklande, både i bystrok, tettstadar og i distrikta. Regjeringa har også eit mål om at talet på drepne og hardt skadde i trafikken skal reduserast til det halve innan 2024. Dette byggjer på Statens vegvesen sin 0 – visjon.

Samordna bustad-, areal og transportplanlegging

I retningslina for samordna bustad, areal og transportplanlegging heiter det mellom anna at :» *planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursnyttelse, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling*. Vidare heiter det også at «*utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå effektive løsninger, og slik at transportbehovet kan begrenses og det legges til rette for klima og miljøvennlige transportformer*» og at «*planleggingen skal bidra til å styrke sykkel og gange som transportform*».

Vegnormalar

Vegnormalen N100 Veg og gateutforming er utarbeid med bakgrunn i Veglova § 13, og er gjeldande for planlegging og bygging av alle offentlege vegar

Områdeplan for Kleppestø

Intensjonen med områdeplanen er å etablere eit godt grunnlag for å utvikle Kleppestø vidare som eit sentrumsområde. Visjonen til kommunen er at Kleppestø skal bli det mest attraktive og konkuransedyktige senteret i Regionen. Området skal innehalde bustadar, næringsverksemder og infrastruktur. Graden av utnytting av areal skal vere høg og ein legg opp til ein bystruktur med mellom anna gate og kvartalinndeling. For å få til dette har ein mellom anna lagt opp til at dagens personbiltrafikk som går gjennom Kleppestø skal førast gjennom tunnel frå Klampevika i vest til området ved Vatnavatnet i aust. Som i dag skal det vere kollektivterminal for båt og buss i Kleppestø om enn i anna form og plassering. Parkering i høve pendling og bruk av området skal finne stad i Løfjellet. I samband med dette planarbeidet er det utarbeid ei konsekvensanalyse samt ei skildring av områdeplanen.

Krav til detaljering

Statens vegvesen har også fått tilsendt eit kart for planområde med tilhøyrande føresegner. Vårt inntrykk etter å ha vurdert plankartet er at det er alt for liten grad av detaljering. Dette gjeld i særleg grad infrastrukturen, Fv 563 og Fv 216 med tilhøyrande trafikale element. I føresegne er det gjort klart at det skal lages planar for detaljregulering for ein del områder i planen, men dette gjelder ikkje for vegsystemet. Vi finner dette merkeleg og særleg med dei store utfordringane som ligg innanfor planområdet når det gjeld infrastruktur må ei detaljregulering på plass. Det som er vist i plankartet er alt for lite detaljert til at ein kan lage byggjeplanar og realisere utbygging med dette som bakgrunn.

Avkørsler – Rundkøring ved Holmedalen

Ein del av avkørslene som er i Kleppestøområdet, er i plankartet fjerna utan at dei areala som desse avkørslene tener har fått ny tilkomst til Fv 563. Vidare er det sett av alt for lite areal til anna veggrunn for realisering av den planlagde infrastrukturen. Ved Holmedalen er det lagt inn i planen ei rundkøring som erstatning for dagens T-kryss. Vi oppfattar dette som eit ledd i å definere sentrumsområdet i vest og med motstykket i aust med å flytte eksisterande rundkøringa ved Vatnavatnet. Vi kan ikkje sjå at det er gjort trafikale vurderingar i planarbeidet når det gjeld etablering av rundkøringa i Holmedalen. Ved ei slik vurdering må trafikktryggleik og effektiv ferdsle vere sentrale tema.

Gang og sykkelveg

Når det gjelder gang og sykkelvegnettet i Kleppestøområdet er det urå å ta stilling til om ein legg opp till ein tradisjonell gang og sykkelveg eller separate løysingar for dei mjuke trafikantane. Som kommunen godt er kjent med ønskjer Statens vegvesen i minst mogleg grad køring med bil på gang og sykkelvegnettet frå eksisterande bustadar. Planen gjer ikkje greie korleis ein ønskjer å handtere dette. Vi ser at det i planskildringa på s.28 er vurdert områder med ulik tilnærming når det gjeld gang og sykkel. Det er dessverre ikkje samsvar mellom dette og det som vi oppfattar er vist i plankartet. I tillegg er vi skeptisk til ulik utforming av gang og sykkeltilbodet, slik at ein får eit oppstykkka tilbod til dei mjuke trafikantane med varierande standard.

Tunnel

Som eit viktig moment i etableringa av eit nytt urbant og attraktivt sentrum på Askøy, ønskjer kommunen å føre hovudmengda av personbiltrafikken utanfor Kleppestø sentrum. Dette skal skje via tunnel. Så langt vi kan vurdere er det berre påhogga på tunnelen ved Klampavika og ved Vatnavatnet som er vist i planen. Sjølv traseen for tunnelløpa må også vere ein del av områdereguleringa. Frå tidlegare har ein basert tunnelløysinga på at ein får innvilga fråvik frå krava i vegnormalane. Dersom ein skal kunne forvente å få handsama dette, må tunneltraseane vere forankra i ein reguleringsplan.

Byggjegrense til fylkesvegnettet

Når det gjelder byggjegrense så har både Fv 216 og Fv 563, 30 meter byggjegrense slik det går fram av Askøy sin kommuneplan § 7 – 1. Vi ser at delar av plankartet opererer med noko som vi oppfattar som byggjegrense, særleg gjeld dette for bustadområda. Dette må likevel gjelde alt areal i områdeplanen som vender seg mot fylkesvegnettet. Byggjegrensa mot gang og sykkelveg er på 15 meter, jfr § 29 i Veglova. Plankartet må også ta opp i seg denne byggjegrensa.

Kollektivtilbod

Plassering av kollektivterminal er endra i dette utkastet til plan i høve til det som var føreslege tidlegare. Vi har ikkje avgjerande merknadar til plasseringa. Vi ser likevel og det har også Skyss påpeika ovanfor oss, at det manglar kollektivhaldeplassar i Kleppestøområdet. Det er viktig at det er haldeplass mellom rundkøringane ved Hydro Texaco stasjonen og rundkøringa ved Vatnavatnet. Vi kan heller ikkje vurdere om ein skal

fortsette bruken av haldeplassar i Holmedalen eller ved Rådhuset då plankaret ikkje er detaljert nok.

Som ein del av dei ulike prosjekta i Askøypakken, finn det no stad eit arbeid som skal sjå på om det er mogleg å etablere trafikksikker tilkomst til kollektivhaldeplassen på Storeklubben frå Stongafjellet. Det er på noverande tidspunkt ikkje konkludert med kva for ei løysing ein ender opp med her. Vi ser at det er mogleg at dette arbeidet kan ende opp annleis enn det plankartet viser. Her må ein ha kontakt med Askøypakken, slik at områdeplanen viser løysing som vert vald.

Trafikkanalyse

Statens vegvesen saknar ei heilskapleg og meir detaljert trafikkanalyse for denne områdeplanen. Riktig nok inneholder konsekvensutgreiinga 11 sider om dagens situasjon og litt om korleis ein ønskjer å løyse den trafikale situasjonen i framtida med mellom anna kapasitetsbereking av kryss. Eit avsnitt på side 45 er sett av til trafikktryggleik. Vi meiner dette likevel er for spinkelt med tanke på dei endringane som planen legg opp til. Ei trafikkanalyse må ha med langt fleire tema og vurderingar i Kleppestøområdet, samt eit spesielt fokus på dei mjuke trafikantane og deira tryggleik og trafikale utfordringar.

Etappevis utbygging av Kleppestøområdet

I kontakt med Askøy kommune har vi forstått at det er lagt opp til å ha ei etappevis utbygging av Kleppestøområdet, der bestemte element i planen er tenkt realisert på ulike byggjetrinn. Vi vurderer at denne informasjonen var vanskeleg tilgjengeleg i planframleggelsen. Kommunen må finne måtar å gjere dette meir synleg og tilgjengeleg for ålmenta på.

Detaljregulering

Vi ser at for fleire områder i planen er det sett krav om detaljregulering. Dette burde det også ha vore for det offentlege vegnettet i planen, inklusive areal for tunnel. På ein slik måte vil ein kunne sikre at dei trafikale elementa får nok areal og faktisk kan realiserast, samstundes som ein kan leggje grunnlaget for tilfredstillande trafikktryggleik og effektiv ferdsle. Det vil vere teneleg at eit slikt krav vert knytt opp til ei omsynssone for det offentlege vegarealet. Statens vegvesen må ved ei slik løysing fastsette storleiken på omsynssona.

Samandrag

Statens vegvesen har vurdert områdeplanen for Kleppestø som vi har fått til offentleg ettersyn. Vi er av den oppfatning at planen har vesentlege manglar når det gjeld grad av detaljering for veg og trafikkområdet. Dette gjer det urå for oss å vurdere planen i høve trafikktryggleik og ferdsle. Planen vil soleis vere i strid med vår 0 visjon, vegnormalane og statlege retningsliner for trafikk og arealbruk, samt at han utfordrar trafikktryggleiken og ferdsle i vesentleg grad, som vi skal ivareta som ein del av sektoransvaret vårt.

Med bakgrunn i ovannemnde og vårt sektoransvar fremjer Statens vegvesen ei generell motsegn til områdeplanen fordi han manglar eit detaljeringsnivå som gjer oss i stand til å

vurdere områdeplanen i sin heilskap i høve ferdsle og trafikktryggleik. Slik han no ligg føre er dette ikkje mogleg. Våre merknadar er difor heller ikkje utfyllande når det gjeld dei einskilde punkta/tema i planen.

Statens vegvesen vurderer at dersom kommunen vel å leggje vegarealet og området til tunnel, inn i områdeplanen med ei omsynssone til framtidig planlegging vil Statens vegvesen kunne vurdere å trekke motsegna. Omsynssona skal ha eit krav om detaljregulering.

Vegavdeling, Hordaland

Med helsing

Helge Eidsnes

regionvegsjef

Olav Finne

avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN